



KARTLEGGING OG VERDSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDE 2015-2016

Rapport

SAMANDRAG

Kvinnherad kommune har i løpet av 2015-2016 kartlagt og verdsett område for friluftsliv. Målet var å få oversikt over areal for friluftsliv og sikre god tilgang på relevant og oppdatert friluftslivsinformasjon til kommunen sitt eige arbeid og for eksterne partar. Totalt er det registrert 418 friluftslivsområde gjennom ei kartlegging utført av fagpersonar og frivillige frå heile Kvinnherad.

1.0 Bakgrunn, føremål og forankring

Den statlege friluftslivspolitikken, jf. Prop. 1 S (2013-2014) har følgjande nasjonale mål:

Alle skal ha mulighet til å drive friluftsliv som helsefremmende, trivselsskapende og miljøvennlig aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Områder av verdi for friluftslivet skal sikres og forvaltes slik at naturgrunnlaget blir tatt vare på. Allemannsretten skal holdes i hevd.

Store deler av befolkninga har eit aktivt forhold til friluftsliv. Friluftslivet er viktig for individet, og ferdsel og opphald i friluft er for mange ein viktig del av livet. Friluftslivet har ein verdi i form av umiddelbar glede ved sjølve aktiviteten, kjensle av meistring, naturoppleving og høve til fysisk aktivitet, rekreasjon, avkopling og samvere med andre. Dette gjer at friluftslivet har fleire direkte nytteverdiar, som betre helse og auka livskvalitet. Det har lenge vore eit nasjonalt mål for friluftslivspolitikken at det skal vera mogeleg for alle å drive friluftsliv i nærmiljøet og naturen elles, og det bør difor vere naturleg for ein kommune å ha eit medvite forhold til eigne friluftslivsområde.

Det er mange gode grunnar til at kommunen no har gjennomført kartlegging og verdsetting. Mellom anna for å:

- Sikre god tilgang til friluftslivsområde og eit godt friluftslivstilbod for brukarar i dag og i framtida
- Skape føreseielegheit i arealplanlegginga og unngå del-for-del utbygging og fragmentering
- Sikre at dei viktigaste områda og arealgrunnlaget for mangfaldet av aktivitetar blir ivareteke
- Sikre ei målretta forvaltning av friluftslivsområde som sikrar at desse vert ivaretekte og tilrettelagde
- Etablere eit godt grunnlag for:
 - Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel, planar for grønstruktur ol
 - Handsaming av enkeltsaker og konsekvensutgreiing
 - Søknad om spelemidlar og sikringsmidlar
 - Å utarbeide sti- og løypeplanar
 - Ein målretta innsats for å betra tilrettelegging for friluftsliv

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er eit viktig kommunalt verkemiddel for å identifisera, utvikle og ivareta areal for friluftslivet. Metoden bidreg til å oppnå det nasjonale målet om å sikra befolkninga høve til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen elles. For å oppnå dette er det viktig å ivareta eit breitt spekter av område med ulike kvalitetar som gjev befolkninga høve til å utøve friluftsliv ut frå eigne preferansar og der dei helst ynskjer. Utbyggingspress utgjer ofte ein trussel for eigna areal for friluftsliv og i den samanheng er det viktig å ha kartbasert dokumentasjon som visar kvar dei viktigaste friluftslivsområda ligg. Særskild viktig er område der arealbrukskonfliktane er størst som i og i nærleiken av tettstader og i strandsona. Sjøområde er difor teke med i den grad det har vore relevant og områda har ein reell funksjon som friluftslivsområde.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er forankra i *Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014- 2020)*, *Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020)*, *Regional plan for folkehelse (2014-2025)* og i høyringsforslag til *Regional kulturplan (2015-25)*.

2.0 Gjennomføring

2.1 Prosjektorganisering og prosess

Prosjekteigar: Kvinnherad kommune

Prosjektleder: Geir Ove Fosse. Folkehelsekoordinator

Prosjektkoordinator: Eirik Knive. Hordaland Fylkeskommune

GIS ansvarleg: Torbjørn Eidsheim Bøe. Hordaland Fylkeskommune

Arbeidsgruppe: Folkehelsekoordinator Geir Ove Fosse, Samfunnsutviklar Hildegunn Furdal, Rådgjevar Kultur og Fritid Linda Øen. Frivillige ressurspersonar.

Prosjektet var oppe til orientering i Levekårskomiteen den 01.02.2016, sak PS 2016/6, med følgjande innstilling: «*Levekårskomiteen tek saka til orientering og gjev administrasjonen mandat til å setje i verk arbeidet med å kartleggja og verdsetja friluftslivsområde med mål om ferdigstilling hausten 2016. Det ferdige arbeidet vert lagt fram for politisk orientering.*»

Kommunen er i prosjektet delt inn i åtte soner og det vart rekruttert ressurspersonar med lokal kjennskap til dei aktuelle sonene for kvart arbeidsgruppemøte. Totalt 39 personar deltok på desse. Dei frivillige var representantar frå tur- og idrettslag, bygdalag, stiftingar, skular og barnehagar for å nemne noko. I tillegg var arbeidsgruppa med på alle møter. I rekrutteringsfasen har det vore prioritert å ha med personar med ulike interesser og kunnskapar slik at område nytta av personar i heile livsfasen og til ulik bruk vert fanga opp. Sjølv registreringane er gjort ved at kart som dekkjer heile Kvinnherad er skrivne ut på papir som det deretter er teikna inn område for friluftsliv på. Vidare er det skrivne ned den lokale kjennskapen dei frivillige hadde om bruken av dei ulike områda, før kvart område vart registrert med ein områdetype og verdsett ut frå kriterier gjevne av Miljødirektoratet. Det har vore gjennomført høyring gjennom informasjon på heimeside og i lokalaviser, samt gjennom to folkemøte (Husnes og Hatlestrand) der ålmenta har vore invitert til å få informasjon om prosjektet, samt kome med forslag til nye område og til endringar av eksisterande. Det er i tillegg gjort ein administrativ gjennomgang av tilgjengelege data som turstikart, barnetråkkregistreringar, arealplanar og liknande. I etterkant er alle data digitalisert i samsvar med gjeldande standard for kartlagde friluftslivsområde og er lagra i nasjonale database hjå Miljødirektoratet.

Tabell 1. Oversikt over arbeidsgruppemøter og ressurspersonar

Område	Dato	Stad	Ressurspersonar
Gjetingsdalen til Årsnes	28.01.16	Mauranger	Trygve Fredheim, Anfinn Bakke, Ottar Eide, Ragnar Nøttveit
Årsnes til Ljosnes	10.12.15	Rådhuset	Kåre Eik, Sverre Myklebust, Tove Apeland, Karen Løvfall Våge
Ljosnes til Langgot	04.02.16	Uskedalen	Ann Iren Sæle, Gro Aakre, Solveig Vik, Ståle Eik
Langgot til Sunde, Valen og Utåker	25.02.16	Husnes	Morten Vevatne, Gro Rusten, Åsta Johnsen, Tor Thoresen, Einar Opdal, Ove Tvedt, Toril Tjelmeland
Halsnøy, Fjelbergøy og Borgundøy	28.04.16	Halsnøy	Sigvald Robberstad, Stig Atle Fosse, Norunn Agdestein, Kjell Ivar Bjørgen, Vigdis Jensen, Rune Vassenden
Hatlestrand og Ølve	31.03.16	Hatlestrand	Rita Martens Meyer, Reidun Grønevik, Vidar Ask, Arnt Ove Femsteinevik, Vivian Tuften
Matre og Åkra	07.04.16	Åkra	Gunnlaug Vågen, Asbjørn Fjellhaugen, Frøydis Fjellhaugen, Harald Hovland, Knut Søllesvik
Varaldsøy	07.06.16	Varaldsøy	Ann Kristin Næss og Nina Skjelnes

2.2 Verdsetting

Ved verdsetting av områda er det nytta ferdig oppsett mal frå rettleiar *M-98 2013 | Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* (figur 1). Verdiane er relative og vektinga er gjort etter Kvinnherad standard. Vurdering av kriterium *Brukerfrekvens* er til dømes sett i forhold til besøkstal på kjente turmål i Kvinnherad slik at berre stader med høgst bruk får høgst karakter. Ved vurdering av skalaen er det greitt å vere merksam på at den ikkje går frå «negativt» til «positivt» med høgare verdiar. Til dømes kan det at eit område ikkje er tilrettelagt vere negativt for nokon, medan andre ser det positive i å søke etter uberørt natur. Dei øvste sju kriteria i tabellen under er påkrevde, medan dei siste fem er valfrie og er nytta i mindre grad.

Verdsettingskriterier		1	2	3	4	5
Brukerfrekvens	Hvor stor er dagens brukerfrekvens?	Liten	Noe	Middels	Ganske stor	Stor
Regionale og nasjonale brukere	Brukes området av personer som ikke er lokale?	Aldri	Neste aldri	Middels	Ganske ofte	Ofte
Opplevelseskvaliteter	Har området spesielle natur- eller kulturhistoriske opplevelseskvaliteter? Har området et spesielt landskap?	Ingen	Litt	Middels	Ganske mange	Mange
Symbolverdi	Har området en spesiell symbolverdi?	Ingen	Litt	Middels	Ganske stor	Stor
Funksjon	Har området en spesiell funksjon (atkomstzone, korridor, parkeringsplass el.)?	Ikke spesiell funksjon	Noe spesiell funksjon	Middels funksjon	Ganske spesiell funksjon	Spesiell funksjon
Egnethet	Er området spesielt godt egnet for en eller flere enkeltaktiviteter som det ikke finnes like gode alternative områder til?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske godt	Godt
Tilrettelegging	Er området tilrettelagt for spesielle aktiviteter eller grupper?	Ikke tilrettelagt	Litt tilrettelagt	Middels tilrettelagt	Ganske godt tilrettelagt	Høy grad av tilrettelegging
Kunnskapsverdier	Er området egnet i undervisningssammenheng eller har området spesielle natur- eller kulturvitenskaplige kvaliteter?	Få	Ganske få	Middels	Ganske mange	Mange
Lydmiljø	Har området et godt lydmiljø?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske godt	Godt
Inngrep	Er området inngrepsfritt?	Utbygd	Ganske utbygd	Middels	Ganske inngrepsfritt	Inngrepsfritt
Utstrekning	Er området stort nok for å utøve de ønskede aktivitetene?	For lite	Mangler mye	Mangler noe	Mangler lite	Stort nok
Tilgjengelighet	Er tilgjengelig god, eller kan den bli god?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske god	God
Potensiell bruk	Har området potensial utover dagens bruk?	Liten	Ganske liten	Middels	Ganske stor	Stor

Figur 1. Verdsettingskriterier

På bakgrunn av verdsettingskriteria får kvart område ein verdi; *D – Ikkje klassifisert, C - Registrert, B - Viktig* eller *A - Svært viktig*. Det er nok at eit område får talverdi 5 på eit kriterium for at det skal bli *A – Svært viktig*. Vekting og bruk av skala følgjer i stor grad tilråding i figur 2.

Verdi	
Verdi	Anbefalt skala
A Svært viktig friluftslivsområde	Brukerfrekvens = 4,5 eller Regionale/nasjonale brukere 4,5 eller Opplevelseskvaliteter = 5 eller Symbolverdi = 5 eller Funksjon = 5 eller Egnethet = 5 eller Tilrettelegging = 5 eller En generell høy skåre
B Viktig friluftslivsområde	Brukerfrekvens = 3 eller Regional/nasjonal bruk 3 eller Opplevelseskvaliteter = 3,4 eller Symbolverdi = 3,4 eller Funksjon = 3,4 eller Egnethet = 3,4 eller Tilrettelegging = 3,4 eller En generell middels skåre
C Registrert friluftslivsområde	Brukerfrekvens = 2 eller Regional/nasjonal bruk 2 eller Opplevelseskvaliteter = 2 eller Symbolverdi = 2 eller Funksjon = 2 eller Egnethet = 2 eller Tilrettelegging = 2 eller En generell lav skåre
D Ikke klassifisert friluftslivsområde	Områder som ikke blir verdsatt som A, B eller C.

Figur 2. Anbefalt skala for verdi.

2.3 Områdetype

Det er viktig å ivareta eit breitt spekter av område med ulike kvalitetar. Samtidig er det rådd til å ikkje bruke mykje tid på å plassere område til «rett» områdetype. Det er mykje viktigare at områda får rett verdi. Det er vidare slik at kvart område vil kunne passe inn i meir enn ein områdetype basert på kva område består av og vert nytta til. Dersom det er få område av ein spesiell type, kan det likevel vere viktig at dette kjem fram då det i tillegg vil påverke verdsettinga. Det er høve til å velje mellom 11 ulike områdetypar (figur 3).

Områdetyper	
Kode	Forklaring
NT	Nærturterreng
LR	Leke- og rekreasjonsområde
GK	Grønkorridor
MA	Marka
SS	Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag
KL	Jordbrukslandskap
UO	Utfartsområde
TM	Store turområder med tilrettelegging
TU	Store turområder uten tilrettelegging
SK	Særlige kvalitetsområder
AF	Andre friluftslivsområder

Figur 3. Områdetype

3.0 Resultat

Det er registrert 418 område for friluftsliv i Kvinnherad. Dette er svært høgt og stadfestar at Kvinnherad er ein kommune med ein rik og variert tilgang på friluftslivsområde. 58 av områda er klassifisert som *A - Svært viktig*, 109 som *B – Viktig*, 249 som *C – Registrert* og 2 som *D - Ikkje klassifisert*. Resultatet kan i løpet av kort tid sjåast av ålmenta via www.naturbase.no. Her vil ein kunne sjå areal av alle kartlagde område, korleis dei er verdsett og klassifisert, kva områdtype dei er og korleis dei er skildra. Mindre område med liten og avgrensa bruk vil som regel ha ei heilt kort områdeskildring, medan andre høgt verdsette og myke nytta område vil ha ei meir detaljert skildring. Resultata skal også leggjast til rette som eit kartlag i kommunen sitt eige innsynsverktøy. Førebels er det tilgjengeleg ei mellombels løysing på <https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/>.

3.1 Oppfølging

For å få fram friluftslivet sitt arealbehov, er det viktig at resultatet av arbeidet vert synleggjort og nytta som eit av fleire grunnlag til kommuneplanen sin arealdel og andre relevante planar. *Særs viktige og viktige* friluftslivsområde vert innarbeid under eigna føremål i kommuneplanen sin arealdel slik at desse omsyna vert synleggjort på lik linje med anna arealbruk i kommunen. Oppdatering av datasettet vert fastsett som del av det innleiande arbeidet med rullering av arealplanen. *Planstrategi. Valperioden 2015-2019. Kvinnherad kommune* legg fram forbetring og utviding av systemet for planforvaltning som ei prioritert planoppgåve i valperioden. I det ligg det å etablere eit temaplanregister i tillegg til arealplanregisteret. Dei registrerte friluftslivsområda vert inkludert i dette temaplanregisteret når det kjem på plass.

3.2 Førning for framtidig bruk

I prosessen er det arbeida med «skylappar» på og det er i liten grad teke omsyn til private eller politiske meininger og haldningar. Dette har vore ei rein kartlegging av dei faktiske forhold. Politikken kjem i etterkant om eit område visar seg å ha motstridande interesser. Kartlegginga er ikkje juridisk bindande, men vil verta nytta som ein del av eit større kunnskapsgrunnlag ved utarbeiding av planar og i handsaming av enkeltsaker. Allemannsretten er fundamentet for friluftslivet i Norge og gjev rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark, rett til opphald som rasting og telting, samt hausting mellom anna av bær og sopp. Allemannsretten gjeld òg på sjøen der det er fritt fiske til eige bruk. Vidare presisera Friluftslovens formålsparagraf at naturgrunnlaget for friluftsliv må vernast. På den andre sida inneheld ikkje Friluftsloven berre rettar, men òg plikter. Plikter ovanfor grunneigarar, brukarar, andre friluftslivsutøvarar og ikkje minst naturgrunnlaget. Samtidig er det slik at mange av områda og traseane i Kvinnherad er skapt av og for landbruket. Dette bør tas omsyn til i sakshandsaming og planlegging. Det at eit område vert registrert som eit friluftslivsområde påverkar ikkje ålmenta sin tilgang og bruk av det aktuelle område og er ikkje å rekne som ein plan for framtidig planlegging eller utvikling. Som tidligare skrive, er dette ei kartlegging av dei faktiske forholda på det tidspunktet kartlegginga er gjennomført.

På ein avgrensa skala for verdsetting (A-D) vert det til dels store variasjonar innan same verdi og det vert ved bruk av data sterkt rådd til å vurdere verdsettingskriterier og områdeskildring, ikkje berre verdi.

3.3 Avgrensing

Idrettsplassar, nærmiljøanlegg og liknande er ikkje registrert med mindre dei inngår i eit større friluftslivsområde og er ein naturleg del av eit grønt område. Typiske inngjerda leikeplassar, ballbingar ol er då ikkje registrert, medan eit leikeområde på ei strand i eit friluftslivsområde vil kunne vere inkludert.

4.0 Kjelder og rettleiarar

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder. Veileder. M98-2013. Miljødirektoratet. 2014

Leveranseintruks. Kartlagte friluftsområde til Naturdatabase. Miljødirektoratet. 2014

Produktspesifikasjon. Kartlagte og verdsatte friluftslivsområder. Miljødirektoratet. 2014.